

## Spørsmål til regionalt planforum 22.03.23

Planforum må sette seg inn i heile prosjektet og oversendt forslag til planprogram. Dersom det er noko de saknar eller er feil så ønskjer vi attendemelding på det. Vi gjer merksam på at dette er eit fyrste utkast som det må arbeidast meir med. Vi har følgjande konkrete spørsmål knytt til forslag til planprogram og planprosess:

1. Kva for metodikk skal nyttast i konsekvensutgreiinga (KU)? Miljødirektorat M-1941 eller Statens vegvesen V712?
2. Vågå kommunen vurderer det til at planen utløyer krav om konsekvensutgreiing, er det riktig vurdering som er gjort?
3. KU-alternativ – 0-alternativ og hovudalternativ, er dette tilstrekkeleg eller skal det settast eit alternativ med flomtunnel og alternativ utan? Det same gjeld flomvoll eller ikkje? Vil bli ulike sikringar med forskjellige behov.
4. Korleis løyser vi det med at det ligg så mange gamle reguleringsplanar innanfor området? Gamle planar vi bli oppheva og erstatta, men kan nyare reguleringsplanar framleis gjelde ved at det blir vist med omsynssone og at det framgår av føresegner at reguleringsplanar framleis skal gjelde?
5. Tunnel – kan det vere to plangrenser? Ikkje nødvendig å regulere over grunnen der tunnelen skal gå? Kan det utarbeidast eigen reguleringsplan for berre vertikalnivå under grunnen?
6. Kulturminnefagleg undersøking – vil det bli stilt krav om det for jordbruksareal som blir regulert som LNFR-område?
7. Korleis løyser vi massehandtering utanfor planområde? Det er mellom anna ønskje om å fylle opp Klonesodden som av avsett som framtidig næringsområde i kommuneplanens arealdel 2017-2027, hotell (N02 Klonesodden) med krav om regulering.
8. Vidare framdrift i reguleringsplanarbeidet. Er det ønskjeleg å legge til rette for ei ny handsaming i regionalt planforum med kombinert synfaring før planen blir sendt på 1. gongs høyring? Kor langt skal arbeidet med detaljering ha kome før det eventuelt er aktuelt med eit slik synfaring?
9. Skal NGI rapportane leggjast ved som vedlegg ved varsel om planoppstart?
10. Skal rapportane som er utarbeidd i samband med stadutviklingsarbeidet i Vågåmo leggjast ved som vedlegg til varsel om planoppstart?